



Byggteam Vest As  
Mjåtveitflaten 1A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2647 - 17/11229

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
07.06.2017

## Godkjenning - GBNR 10/255 - Løyve til oppføring av garasje

### Administrativt vedtak. Saknr: 155/2017

**Tiltakshavar:** Cato Rasmussen  
**Ansvarleg søkjar:** Byggteam Vest AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere 58 m<sup>2</sup> og bygd areal (BYA) 36 m<sup>2</sup>. Garasjen har målbart loft, men skal ikkje nyttast til varig opphald eller tilknyttast VA-nett.

Dispensasjon frå arealformål til oppføring av garasje på eigedomen blei gitt av Utval for drift og utvikling i møte 25.04.2017, sak 29/2017. Dispensasjonsvedtaket er rettskraftig.

Det blir elles vist til vedlagt situasjonsplan og teikningar journalført motteke 02.06.2017.

### VURDERING:

#### Nabovarsling og privatrettslege høve:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Merknadene frå sameigar i eigedomen har vore behandla gjennom UDU-vedtaket av 25.04.2017. Kommunen sitt løyve i føreliggjande sak inneber ikkje avgjerd av privatrettslege spørsmål.

#### Lov- og plangrunnlag:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

For vurdering av plangrunnlaget og dispensasjon frå arealformål blir det vist til UDU sitt dispensasjonsvedtak av 25.04.2017. Tiltaket er planavklart gjennom denne behandlinga.

#### Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 02.06.2017 Plassering av garasjen med minste avstand til nabogrense mot gbnr 10/6 på 1 meter blir, med grunnlag i erklæring frå grunneigar Ture Andersen journalført motteke 06.06.2017, godkjent av Meland kommune i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav a.

#### Utforming, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 02.06.2017. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava til utsjånad og funksjon i pbl §§ 29-1 – 29-3.

#### Ansvarsrettar:

Byggteam Vest AS har erklært ansvar for arkitekturprosjektering, utførande for tømrrarbeid og funksjonen som ansvarleg søkjar.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1, jf pbl § 21-4, løyve til oppføring av garasje på gbnr 10/255 i Meland kommune. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonskart og teikningar journalført motteke 02.06.2017, jf pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (a). Det gjeld eit toleransekrav i horisontalt plan +/- 50 cm og i vertikalt plan +/- 20 cm.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyvet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i Matrikkelen, jf matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Det kan som utgangspunkt ikkje klagast på tilhøve som er rettskraftig avgjort gjennom dispensasjonsbehandlinga nemnd i saksframstillinga ovanfor, jf pbl § 1-9.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart og teikning

**Kopi til:**

Eva Martha Tangen

Torgny 5143  
Segerstedtsvei 15

FYLLINGSDALEN